



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kultur- og miljøutvalet	13.11.2012	052/12
Formannskapet	22.11.2012	138/12
Kommunestyret	17.12.2012	101/12

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Arkiv: S11	09/1252-42

Breim kraftverk - tilleggsutgreiing

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
183942 Breim kraft - tilleggsutgreiing - kart 12. april 2012

Høyringsbrevet og tilleggsutgreiinga er tilgjengeleg på www.nve.no/vannkraft og på kommunen si postliste

Bakgrunn for saka:

NVE har sendt eit notat frå Breim Kraft AS på avgrensa høyring. Notatet inneheld tilleggsutgreiing av eit nytt utbyggingsalternativ, samt tilleggsvurderingar og planlagde undersøkingar på vasskvalitet i Storelva og biologisk mangfald i Seimestranda

Saksutgreiing:

Tilleggsutgreiinga gjeld i hovudsak eit nytt utbyggingsalternativ C. Dam og inntak blir bygd som for tidlegare alternativ ved Flølo/Høylo, med ein inntaksterskel i elva og ein kort kanal nordover mot ei inntakssjakt. Herifrå blir vatnet ført i ein tilløpstunnel med svakt fall 3150m nedover mot Jordanger og Breimshallen, på nordsida av elva og E39. Kraftstasjon og svingekammer blir liggjande i fjellet nord for Breimshallen, og avløp er planlagt i elva om lag 100m vest for Breimshallen. Det er foreslått å kanalisere ein strekning på inntil 150m i Storelva for å senke undervassstanden for kraftverket med inntil 1,5m. Adkomst til kraftstasjonen er planlagt gjennom ein 150m lang tunnel frå fjellskjæring ved avkøyrsla til Breimshallen. Anleggsteknisk ser dei for seg at alle tunnelarbeider blir tekne frå kraftstasjonen, som gir lite synlege inngrep i terrenget. Transformator og koplingsanlegg blir bygd i dagen ved sida av Reed transformatorstasjon, og det blir bora sjakt ned til kraftstasjonen for trekking av kablar..

Alternativ C utnyttar eit fall på 55,5m, som er om lag 8,5m mindre enn alternativ A med utløp i Seimestranda. Installert effekt blir redusert frå 32MW til 28MW. Det er rekna på to alternativ; C1 med minstevassføring på 6,0m³/s i sommarhalvåret og 1,0m³/s om vinteren (som alt. A), og C2 med minstevassføring på hhv. 4,0 og 1,0m³/s. Utbyggingskosnadene er stipulert til kr. 301mill, som gir ein utbyggingspris på hhv. 3,44 og 3,34kr/kWh. Tilsvarande tal for alt. A er 336mill og 3,42kr/kWh. Årsproduksjonen er stipulert til 87,4GWh for C1 og 90GWh for C2. Breim Kraft AS søker om utbygging etter alternativ C2 som eit sekundært alternativ, men opprettheld alt. A framleis er den beste løysinga. Dei opprettheld difor dette tidlegare omsøkte alternativet som primært utbyggingsalternativ.

Det er berekna at det blir teke ut om lag 270000m³ tunnelmasse i alternativ C, mot 350000 i alt. A. Breim Kraft AS antyder at inntil 200000m³ kan deponerast mellom Breimshallen og idrettsplassen på Reed. Dette tenkjer dei kan gjerast ved å fjerne matjorda mellombels, sette opp mur langs elva og fylle masse bakafor. Matjorda kan leggst tilbake når fyllinga er ferdig. Dei har også vore i kontakt med Byrkjelo Maskin og Eide Sandtak som er svært interessert i kjøp av tunnelmasse.

I anleggsfasen vil det bli etablert eit sedimenteringsbasseng/-grøft mellom deponiet og elva slik at sprengsteinstøv og sprengstoffrestar blir sedimentert og lufta ut før vatnet blir leda ut i Storelva. I tilleggsgutgreiinga er faren for ureining av elva i anleggsfasen vurdert. I tillegg til sedimentering kan det vere aktuelt å filtrere avløpsvatnet for ytterlegare å redusere andel finstoff. Dei viser også til erfaringstal når det gjeld pH og nitrogeninnhald i avløpsvatn. Søkjar meiner at skisserte avbøtande tiltak er godt utprøvde metodar som reduserer skadelege stoff så mykje at det er lite fare for skade på det akvatiske miljøet i Storelva. Alternativ C vil innebere noko meir støy for folk i området i anleggsfasen, først og fremst knytt til massedeponering.

Det er også dels gjennomført og dels planlagt oppfølgjande undersøkingar av vasskvalitet i Storelva, med tanke på å tydeleggjere konsekvensane av tiltaket. Vasskvaliteten i elva i dag er variabel, og fråføring av ein stor del av vatnet vil redusere elva sin resipientkapasitet. Dei har difor sett på moglege avbøtande tiltak for å betre vasskvaliteten i elva slik at restvassføringa blir betre i stand til å takle lokale tilførsler. Dei viktigaste tiltaka er:

- Nedlegging av komposteringsanlegget på Fløtre, som truleg er den største punktkilden mellom planlagt inntak og Breimsvatnet
- Føre avløp frå Byrkjelo reinseanlegg i nedgravd røyr ned til inntaket og inn på tunnelen.

Elles nemner dei ulike tiltak innafor landbruket som grunneigarane er innstilt på å gjennomføre for å redusere avrenning til elva.

Til sist orienterer notatet om tilleggskartlegging og vurdering av fugl i Seimestranda, på bakgrunn av høyringsuttale frå fylkesmannen. Det er særleg artane kongeørn, hønsehauk og hubro fylkesmannen har etterlyst nærare vurderingar av. Det er gjennomført kartlegging og planlagt ytterlegare kartlegging til våren, men førebels konklusjon er at det ikkje er påvist hekkande hønsehauk og hubro i området. Kongeørn er ikkje lenger på rødlista, og det er vurdert at ein ved god planlegging av anleggsarbeidet kan gjennomføre utbygging utan at det påverkar kongeørn som hekkar i nærleiken i særleg grad.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ingen nye moment i forhold til tidlegare behandling.

Rådmannen si vurdering:

Gloppen kommunestyre vedtok i møtet 14.11.2011 følgjande uttale til Breim Kraft sin konsesjonssøknad:

Gloppen kommunestyre er positive til utnytting av kraftressursane i Storelva i Breimsvassdraget. Planane oversende frå NVE viser eit anlegg med ein middelproduksjon på 98 GWh. Planlagd installert effekt er 32 MW. Eit slikt anlegg vert det største kraftverket i Gloppen, og utbygginga vil styrke inntektsgrunnlaget for mange gardsbruk. Samstundes vil kommunestyret peike på verdiane som ligg i vassdraget i dag. Det er difor ekstra viktig at alle sider ved planane vert grundig utgreia i samband med søknad om konsesjon.

Kommunestyret ynskjer å få følgjande nye utgreiingar før ein tar endeleg avgjerd om tilråding til konsesjonssøknaden.

- 1. Utgreiing av alternativ med plassering av stasjon og utløp ovanfor eller nær Seime bru, på nord- eller sørsida av elva. Dette er utbyggjar også pålagt i utredningsprogrammet. Eit slikt alternativ vil verne om viktige kvalitetar ved elveosen i Storelva*
- 2. Alternativt må det dokumenterast på fagleg forsvarleg grunnlag at grunnforholda på elvestrekninga er slik at omsøkt alternativ er det einaste mogelege*
- 3. M.a. på grunn av Storelva sin funksjon som fiskeelv og resipient må det utgreiast større minstevassføring enn ved det omsøkte alternativet*
- 4. Konsekvensane av ei utbygginga for naturmangfald, naturopplevingar og naturbasert næringsliv må vurderast nærare og med større detaljeringsgrad enn i motteken søknad*
- 5. Det må dokumenterast og visualiserast korleis masseoverskotet kan nyttast utan dumping i Breimsvatnet. Massedeponi der steinen vil vere tilgjengeleg for samfunnsganglege formål, bør utgreiast. Plan for transport av tunnelmasse må leggjast fram*
- 6. Breimsvatnet er drikkevasskjelde for Reed-området. Dokumentasjon på at kvaliteten på drikkevatnet ikkje vert forringa i samband med utbygging, må leggjast fram*

Notatet frå Breim Kraft svarer på punkt 1 og 2. Det er teknisk mogleg å plassere kraftstasjon oppstrøms Seime bru utan høgare utbyggingskostnader pr. kWh enn med kraftstasjon og utløp i Seimestranda. Produksjonen blir sjølvsagt noko mindre sidan fallet er mindre, og det er nokre eigedomar som ikkje blir involvert i utbygginga.

Punkt 3 er ikkje utgreidd, men det er foreslått andre alternativ for å betre vasskvaliteten. Rådmannen meiner planane for å betre vasskvaliteten er gode, men er usikker på om dette er tilstrekkeleg for elva som fiskeelv.. Omsøkt sekundært alternativ har lågare minstevassføring enn hovudalternativet. Rådmannen har ikkje ei klar oppfatning av kor stor minstevassføringa må vere, men er trygg på at dette er eit av punkta NVE tek på alvor i konsesjonsbehandlinga.

Punkt 4 er ikkje gått nærare inn på i samband med alternativ C, men naturinngrepa er generelt mindre. For alternativ A er det gjort nokre vurderingar som gjeld naturmangfald, men ikkje ein ny systematisk gjennomgang slik kommunestyret har ønskt i dette punktet.

Punkt 5 er omtala når det gjeld alternativ C, men er ikkje vidare utgreidd for alternativ A. Massedeponi er ikkje visualisert, sjølv om aktuelt areal er grovt markert på flyfoto. Reelt areal som kan brukast er nok noko mindre enn det som er antydning i notatet. T.d. må ein sjølvsagt halde att eit visst areal langs elva som ikkje blir fyllt opp, og det kan ikkje nyttast areal regulert til idrettsanlegg.. Eit massedeponi på 200000m³ på eit areal på ca. 40dekar gir ei gjennomsnittleg fyllingshøgde på 5 meter. Sjølv om dette i anleggsfasen vil vere eit svært inngrep, har rådmannen tru på at det kan utførast slik at det permanente inntrykket ikkje blir eit dramatisk terrenginngrep. Men det er svakt av søkjar at det heller ikkje nå er gjort meir for å få fram den landskapsmessige verknaden av eit massedeponi. Kontakten mot private aktørar som kan vere interessert i tunnelmasse er uansett interessant, slik at mest mogleg kan bli brukt til fornuftige formål. Det er ikkje så stort behov for plan for transport av tunnelmasse for alt. C, då skissert massedeponi ligg direkte frå avløpstunnelen som rådmannen reknar med er tenkt til uttransport av tunnelmasse.

Punkt 6 er indirekte belyst gjennom utgreiing av vasskvaliteten i elva. Rådmannen meiner det er tilfredsstillande dokumentert at dette, dersom anleggsarbeidet blir gjort riktig, ikkje skal vere eit reelt problem for alternativ C. For alternativ A er det ikkje gjort noko forsøk på å utgreie konsekvensar for dei to vassverka på Reed som har inntak frå Breimsvatnet. Dette er sjølvsagt ikkje akseptabelt.

Konklusjon:

Rådmannen er nøgd med at det nå er laga eit utbyggingsalternativ som etter mitt syn må vere langt mindre kontroversielt enn hovudalternativet, og at utbyggingskostnadene for dette alternativet er akseptable. Eg registrerer at søkjar opprettheld alternativ A som førsteval, men har litt vanskeleg for å ta dette heilt på alvor, i og med at krav mellom anna kommunestyret sette i sin høyringsuttale ikkje er nærare vurdert eller kommentert.

NVE burde følgt tettare opp krava i utgreiingsprogrammet om visualisering av massedeponi, slik at folk flest kunne ha moglegheit til å sjå for seg konsekvensane av dette inngrepet. Rådmannen er elles nøgd med tilleggsutgreiinga men usikker på om minstevassføring som er søkt om er nok for fisken i elva sin del.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre er positive til utnytting av kraftressursane i Storelva i Breimsvassdraget. Kommunestyret viser til tilleggsutgreiing til konsesjonssøknad, datert september 2012. Alternativ C synest å ha mindre negative konsekvensar og vere eit langt mindre kontroversielt utbyggingsalternativ enn alternativ A.

Tilleggsutgreiinga svarer ikkje i det heile eller mangelfullt på dei innvendingane kommunestyret hadde til alternativ A i uttalen frå november 2011. Gloppen kommunestyre går difor imot at det blir gitt konsesjon til utbygging av alternativ A.

Gloppen kommunestyre har ikkje vesentlege innvendingar mot at det blir gitt konsesjon til utbygging etter alternativ C, sjølv om skissert massedeponi ikkje er godt nok visualisert. Det må setjast vilkår til løyvet som sikrar vasskvaliteten i elva, både på utbygd elvestrekning og nedanfor utløpet. NVE må vurdere fagrapportane om fisk i elva opp mot kvarandre, og fastsetje ei minstevassføring som sikrar minst mogleg skade på livet i elva.

13.11.2012 KULTUR- OG MILJØUTVALET

052/12 VEDTAK:

Kultur- og miljøutvalet er samd i tilrådinga.

Vedtaket var samrøystes.

22.11.2012 FORMANNSKAPET

E-post frå Dagmund Moldestad datert 22. november 2012 med kopi av hans uttale i saka om Breim kraftverk vart delt ut.

Framlegg frå **ordføraren:**

Gloppen kommunestyre er positive til utnytting av kraftressursane i Storelva i Breimsvassdraget. Kommunestyret viser til tilleggsutgreiing til konsesjonssøknad, frå september 2012. Alternativ c synest å ha mindre miljømessige konsekvensar enn alternativ A.

Tilleggsutgreiinga svarer ikkje fullt ut på kommunestyret sine spørsmål til alternativ A i uttalen frå november 2011. Gloppen kommunestyre går imot at det blir gitt konsesjon til utbygging av alternativ A.

Gloppen kommunestyre meiner at det kan gjevast konsesjon til utbygging etter alternativ C, sjølv om skissert massedeponi ikkje er godt nok visualisert. Det må setjast vilkår som sikrar vasskvaliteten i elva, både på utbygd elvestrekning og nedanfor utløpet. NVE må vurdere fagrapportane om fisk i elva opp mot kvarandre, og fastsetje ei minstevassføring som sikrar minst mogeleg skade på livet i elva.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

138/12 VEDTAK:

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes innstilt.

17.12.2012 KOMMUNESTYRET

Bernt Reed og Bjarne Bø bad om å få gå ifrå som ugilde i saka sidan dei har eigarinteresser i saka. Heimelen for dette er § 6, 1. ledd bokstav a) i forvaltningslova.

101/12 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.